

**Rosendal på vinnarsporet att**

20.09.2014

**Rosendal er tydelegvis på vinnarsporet att etter å ha slege Samnanger 3-1 på heimebane idag,**

**Dag Rune, Hermund, Hans Fredrik, Marius og Sondre var med frå Uskedalen. Rosendal starta friskt og Dag Rune scora etter 5 minuttar på eit flott skot etter ein fin pasning frå Marius. Etter dette jamna kampoen seg ut og etter 25 minuttar scora gjestane på eit langskot.**

Då 35 minuttar var gått, vart det 2-1 til heimelaget då Ludviksen kjempa til seg ballen.

Andre omgang starta med eit meir aggressivt gjestelag og det var nær utligning ved eit stolpeskot. Men Rosendal gjorde nokre byte og då vart det meir fart i kampen.

Vertane overtok meir og meir av kampen og etter 75 minuttar sette Asmir ballen i mål frå kort hald.

Det vart aldri nokon stor kamp og våt bane gjorde det ikkje lettare men i periodar var den prega av vilje og tæl,

Neste kamp er mot Eikelandsfjorden neste helg.

Tekst: Ragnvald Myklebust  
Nett: Ola Matti Mathisen